



FYLKESMANNEN I HORDALAND
Postboks 7310
5020 BERGEN

Dato: 25.09.2018
Vår ref.: 2015/8900-15
Saksbehandlar: nilelde
Dykkar ref.:

Oversending av klage på avslag om innsyn

1. Bakgrunn for saka

Ståle Eeg Nilsen (klagar) har i brev av 19.9.2018 (vedlegg 2) klaga på avslag om innsyn i tillegg rapport (Addendum) til KS2 – kvalitetssikringsrapport frå Holte Consulting (heretter rapporten). Rapporten inneheld oppdaterte kostnadstal for utbygging av linje 2 på Bybanen.

Klaga sendte den 4.9.2018 e-post (vedlegg 1) til Fylkesdirektør Samferdsel, Håkon Rasmussen, med spørsmål om han kunne få innsyn i dokumentet. Ved ein inkurie vart denne e-posten aldri svart på.

2. Rettsleg grunnlag

Det følgjer av offentleglova § 23 første ledd at det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når det er påkrav av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av økonomiforvaltninga til organet.

3. Fylkeskommunen si vurdering

Det følgjer av offentleglova § 32 andre ledd første punktum at dersom den som har kravd innsyn ikkje har fått tilbakemelding innan fem arbeidsdagar etter at organet fekk kravet, skal dette reknast som eit avslag som kan klagast på. Det er på det rene at klaga ved ein inkurie ikkje fekk ei tilbakemelding på e-posten hans med oppmoding om innsyn. Fylkeskommunen er difor samd i at det skal reknast som eit avslag.

Fylkeskommunen har vurdert klagen, men finn ikkje at vi kan gje innsyn i rapporten. Vi grunnlegg avslaget med heimel i offentleglova § 23 første ledd. Det følgjer av desse føresegna at fylkeskommunen kan gjere unntak frå opplysningar når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av økonomiforvaltninga vår.

Det følgjer av førearbeida til offentleglova (Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) side 144) om § 23 sitt unntak av omsyn til det offentlege sin forhandlingsposisjon:

"Etter første ledd i føresegna er det for det første høve til å nekte innsyn i opplysningar når dette er påkravd av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av økonomiforvaltninga til organet. Unntaket vernar om dei privatøkonomiske interessene til forvaltningsorganet i forhandlingssituasjonar, og vil kunne nyttast i saker om kjøp og sal og ved avtaleinngåingar generelt. Føresegna vil derimot ikkje gjelde i saker som gjeld den interne økonomiforvaltninga, slik som budsjettsaker og liknande. For at det skal vere høve til å unnata opplysningar i medhald av denne føresegna, er det eit vilkår at dei har eit konkurranseaspekt, slik at innsyn vil kunne skade forhandlingsposisjonen eller den strategiske stillinga til det offentlege no eller i framtidige saker" (vår understreking).

Fylkeskommunen meiner at det er klart eit innsyn vil kunne skade både forhandlingsposisjonen og den strategiske stillinga vår i kontraktsforhandlingane ved vidare utbygginga av Bybanen. Rapporten det er søkt innsyn i inneheld oppdaterte tal, forventade kostnader og styringsramme, samt oppdatert finansieringsoversikt i utbygginga av Bybanen linje 2 frå sentrum til Fyllingsdalen, via Haukeland. Dette er særleg sensitive

opplysningar om økonomien i Bybaneprosjektet som det er viktig for fylkeskommunen at ikkje vert kjent for private partar med økonomisk interesse i prosjektet.

Fylkeskommunen viser til at det står att å lyse ut mange kontraktar i forbindelse med utbygginga. Dersom private partar får tilgang til grunnlaget i rapporten vil det bety at dei kan innrette prisane sine etter denne. I ein anbodskonkurranse vil dette medføre eit vesentleg konkurransefortrinn for den parten som vert kjent med denne informasjonen. Dette vil føre til at konkurransen om kontraktane ikkje vert rettferdig, og det vil klart svekke fylkeskommunen sin forhandlingsposisjon i kontraktforhandlingane ved utbygginga av Bybanen. Det er såleis klart at unntaksregelen i § 23 første ledd gjer seg gjeldande i dette tilfellet da det vil verne dei privatøkonomiske interessene til fylkeskommunen i forhandlingssituasjonar om utbygging av Bybanen.

Fylkeskommunen meiner at ein av omsyn til ei god forvaltning av fellesskapets midlar *bør* gjere unntak for innsyn i denne rapporten. Det er utvilsamt at dersom opplysningane i rapporten kjem private partar i hende vil det medføre ei vesentleg svekking av fylkeskommunen sin posisjon i marknaden ved utbygginga av Bybanen. Vi vil avslutningsvis også vise til at vi av nemnde omsyn og har fast praksis med å unnata tilsvarande rapportar frå Statens Vegvesen, og at dette ikkje gjelder spesielt for utbygginga av Bybanen.

Fylkeskommunen har vurdert meirinnsyn etter § 11, men finner at det ikkje er grunnlag for dette da det er klart at omsynet til innsyn ikkje veg tyngre enn behovet for unntak i denne saka. Fylkeskommunen finner vidare at dei unnatekne opplysningane utgjer den vesentlegaste delen av dokumentet og at ein difor må gjere unntak for heile dokumentet, jf. § 12 bokstav c.

4. Konklusjon

Fylkeskommunen har etter ei vurdering av klagen på avslag om innsyn kome til at tilleggssrapporten (addendum) til KS2 som er utarbeidd av Holte Consulting er unnateke offentlegheit med heimel i offentleglova § 23 første ledd. Fylkeskommunen har også vurdert meiroffentlegheit etter § 11, men finner ikkje grunnlag for dette. Fylkeskommunen har også kome til at ein må gjere unntak for heile dokumentet, jf. § 12 bokstav c.

Fylkeskommunen finner på bakgrunn av dette ikkje grunnlag for å endre avslaget, og klagen vert difor sendt over til fylkesmannen for endeleg avgjerd, jf. offentleglova § 32 første ledd tredje punktum, jf. forvaltningsloven § 33 fjerde ledd.

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør Samferdsel

Nils Tore Eldegard
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Ståle Eeg Nielsen

Vedlegg

1 Oppmoding om innsyn og klage